



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|-------------|--------------|-------------|--------------------|------------|
| 13/905 | | 59450/2014/ | Ketil Valde | 24.09.2014 |

Høyringsuttale til rapporten "Et bedre organisert strømnett"

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal tok opp denne saka i sitt møte 22.09.2014 som sak U-87/14. Det blei gjort følgjande vedtak:

Samråystes vedtak i Fylkesutvalet - 22.09.2014

Rapporten gir gode forslag og vurderingar for å få til ei betre organisering av straumnettet. Endringsforsлага vil kunne gjennomførast raskt, og vil gjere det lettare å få utført dei store utbetingane og investeringane i nettet på ein samfunnsøkonomisk god måte.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til vurderingane gitt i saksutgreiinga, og vil kome med følgjande innspel til tre av forslaga frå ekspertgruppa:


1. Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle nettselskap vil kunne gjere det vanskelegare med kryss-subsidiering, samt lettare med tilsyn og auka fokus på nettverksemda. Men for fleire små og mellomstore selskap kan ei slik organisering bli svært vanskeleg og fordyrande. Det blir særsviktig at kriteria for dispensasjon blir slik, at uheldige verknader for mellom anna beredskap og næringsliv i utsette lokalsamfunn, kan bli vurdert opp mot fordelar ved ei oppsplitting av eit samla selskap.
2. Utpeiking av distribusjonssystemoperatørar (DSO) som skal koordinere nettutbygginga innanfor større nettområder er eit forslag som kan gi samfunnsøkonomisk gode løysingar. Det at ein DSO skal kunne påleggje andre selskap investeringar i sine ansvarsområde, kan bli konfliktfylt. Utforming av ordninga bør sikre innsyn og samarbeid i forholdet mellom dei berørte partane gjennom heile arbeidet, slik at ulike innspel kan bli vurdert heilt frå starten av planleggingsfasen. Samarbeidet som er opparbeidd innan arbeidet med kraftsystemutredinga (KSU) bør takast vare på, og ny ordning må bygge vidare på dette.
3. Ekspertgruppa foreslår endring av inntektsramma for nettselskapa slik at selskapa får redusert den sikre dekninga av sine utgifter frå 40 % til 30 %. Forslaget vil kunne bidra til meir rasjonell drift i nettselskapa, men kan også føre til at enkelte selskap vil investere

mindre pga lågare sikkerheit for investeringane. Det bør vurderast betre kva konsekvensar eit slikt forslag vil ha for ulike selskap.

Med helsing



Jon Aasen
fylkesordførar



Frank Madsøy
ass. regional og
næringsjef

Vedlegg

- 1 Eit betre organisert straumnett - Høyringssvar
- 2 Fylkesrådmannens innstilling